

Eksamen

24.05.2018

NAB1001 Naturbasert produksjon

Programområde: Naturbruk

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. Omsetjingsprogram er ikkje tillatne i norsk.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Informasjon om vurderinga	Når du løyser oppgåvene må du beskrive og grunngi vala du tar. Det er svært viktig å disponere eksamenstida godt, slik at du kan svare grundig på alle oppgåvene. Du viser elles kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å: <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunkta dine og forslaga dine til løysing på oppgåva• Ta med ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva.• Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine• Beherske relevante grunnleggjande ferdigheiter• Bruke eksempel der dette er relevant• Bruke fagterminologi og hjelpemiddel på ein formålstenleg og påliteleg måte
Andre opplysningar	<i>Du skal svare på eitt av oppgåvesetta: Alternativ 1 eller Alternativ 2. Kvart av alternativa har to oppgåver (1 og 2) som begge skal svarast på for det alternativ du vel.</i>

Alternativ 1

Oppgåve 1

Du skal ha ansvar for stell på eit gardsbruk. Du vel sjølv geografisk område i Noreg, og du vel også sjølv produksjon.

- Lag ein arbeidsplan for dagen med tanke på stell på garden.
- Vi er komne til våren og dette er ei hektisk tid på garden. Beskriv arbeidet som er spesielt for denne perioden.
- I samband med arbeidet ditt på garden, er det viktig å tenke på helse, miljø og tryggleik. Beskriv arbeidsoppgåver som kan vere risikofylte på denne garden, og tiltak for å redusere risikoen.

Oppgåve 2

På garden blir det produsert råstoff som skal vidareforedlast. Råstoffet blir valt ut frå produksjonen du har valt i oppgåve 1.

- Kva slags utstyr blir brukt til produksjon av råstoffet du har valt? Beskriv også bygget, og kva som gjer bygget eigna til produksjonslokale.
- Beskriv vedlikehald og reinhald av utstyret og bygningsmassen som vert brukt til produksjon av råstoffet.
- Kva slags klede og utstyr eignar seg til produksjon av råstoffet du har valt?

Alternativ 2

Oppgåve 1

I denne oppgåva må du velje om du arbeider som fiskar, eller på eit oppdrettsanlegg for fisk.

- Beskriv reiskapar og utstyr som er viktige i forhold til type produksjon/fangst du har valt.
- Korleis ser ein arbeidsdag ut når du skal ut og drive fangst av fisk, eller arbeide på oppdrettsanlegget? Lag ein grov plan der du kort beskriv dei enkelte arbeidsoperasjonane.
- Fanga fisk eller oppdretta fisk skal bli mat til andre menneske. Beskriv korleis du behandlar fanga fisk eller oppdretta fisk for å få best mogleg kvalitet.

Oppgåve 2

- Vedlikehaldsarbeid er viktig med tanke på å ha ein båt som trygg arbeidsplass. Beskriv korleis du vedlikeheld båten og utstyret du bruker til arbeidsoppgåva du har valt i oppgåve 1?
- Helse miljø og tryggleik er eit viktig stikkord når det gjeld alle yrke. Beskriv nokre risikoområde når du driv produksjon av fisk, eller når du driv fangst av fisk, og korleis du kan førebygge mest mogleg.
- Beskriv bearbeiding av råstoff når du er om bord. Vil bearbeiding vere forskjellig frå art til art? Forklar.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Når du løser oppgavene må du beskrive og begrunne valgene du tar. Det er svært viktig å disponere eksamenstiden godt, slik at du kan svare grundig på alle oppgavene.</p> <p>Du viser ellers kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunktene dine og forslagene dine til løsning på oppgaven• Ta med ulike synspunkt og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven.• Gjøre rede for resultatene/konsekvensene av de faglige valgene dine• Beherske relevante grunnleggende ferdigheter• Bruke eksempler der dette er relevant• Bruke fagterminologi og hjelpemidler på en formålstjenlig og pålitelig måte
Andre opplysninger	<i>Du skal svare på ett av oppgavesettene: Alternativ 1 eller Alternativ 2. Hvert av alternativene har to oppgaver (1 og 2) som begge skal besvares for det alternativet du velger.</i>

Alternativ 1

Oppgave 1

Du skal ha ansvar for stell på et gårdsbruk. Du velger selv geografisk område i Norge, og du velger også selv produksjon.

- Lag en arbeidsplan for dagen med tanke på stell på gården.
- Vi er kommet til våren og dette er en hektisk tid på gården. Beskriv arbeidet som er spesielt for denne perioden.
- I forbindelse med ditt arbeid på gården, er det viktig å tenke på helse, miljø og sikkerhet. Beskriv arbeidsoppgaver som kan være risikofylte på denne gården, og tiltak for å redusere risikoen.

Oppgave 2

På gården blir det produsert råstoff som skal videreforedles. Råstoffet velges ut fra produksjonen du har valgt i oppgave 1.

- Hva slags utstyr brukes til produksjon av råstoffet du har valgt? Beskriv også bygget, og hva som gjør bygget egnet til produksjonslokale.
- Beskriv vedlikehold og renhold av utstyret og bygningsmassen som brukes til produksjon av råstoffet.
- Hva slags klær og utstyr egner seg til produksjon av råstoffet du har valgt?

Alternativ 2

Oppgave 1

I denne oppgaven må du velge om du arbeider som fisker, eller på et oppdrettsanlegg for fisk.

- Beskriv redskaper og utstyr som er viktig i forhold til type produksjon/fangst du har valgt.
- Hvordan ser en arbeidsdag ut når du skal ut og drive fangst av fisk, eller arbeide på oppdrettsanlegget? Lag en grov plan der du kort beskriver de enkelte arbeidsoperasjonene.
- Fanget fisk eller oppdrettet fisk skal bli mat til andre mennesker. Beskriv hvordan du behandler fanget fisk eller oppdrettet fisk for å få best mulig kvalitet.

Oppgave 2

- Vedlikeholdsarbeid er viktig med tanke på å ha en båt som trygg arbeidsplass. Beskriv hvordan du vedlikeholder båten og utstyret du bruker til arbeidsoppgaven du har valgt i oppgave 1?
- Helse miljø og sikkerhet er et viktig stikkord når det gjelder alle yrker. Beskriv noen risikoområder når du driver produksjon av fisk, eller når du driver fangst av fisk, og hvordan du kan forebygge mest mulig.
- Beskriv bearbeiding av råstoff når du er om bord. Vil bearbeiding være forskjellig fra art til art? Forklar.



www.vigoiks.no/eksamen